

Referat frå FAU møte 13.juni-2017

Øraker skule

Til stades: Tore Svalastog 9C, Liv Asheim Leirvik 8A, Bruce Diesen 10D, Hanne Myhre 10A og Ågot Bell Espeseth 9B.

- 1) **Val av referent:** Ågot Bell Espeseth
- 2) **Registrering av møtedeltakarar**
- 3) **Referat frå møtet 9.mai-2017** godkjent - og innkalling godkjent
- 4) **Informasjon ved rektor Vigdis Lad:**
 - Neste skuleår byrjar å ta form. Skulen er godt i gong med tilsetjingar. 8.trinn får fire fulle klassar.
 - Kwart trinn får tre – fire valfag, dette avheng av kva lærarane kan tilby.
 - Skulen har meldt opp 14 elevar til forsert løp i VG1 på Ullern vidaregåande. I tillegg skal tre elevar ta R1 i matematikk neste skuleår.
 - 8.trinn har gjennomført turen til Hudøy.
 - Eksamen er no gjennomført med gode resultat.
- 5) Det er etablert en **Dropbox for FAU på Øraker skole**, dette skal gjere det lettare for komande FAU og komitèar å overføre - og å hente informasjon når nye komitèar skal etablerast for å samle inn pengar til Hudøy tur, Sjoa tur, skuleball og evt andre ting. Det er laga ei mappe for kvart trinn.
- 6) Det er ingen respons i nokon klasse, på å overta rolla som **natteravnkoordinator** for Øraker skule. Det er framleis rom for å melde seg til dette viktige vervet.
- 7) Evt, ingen saker var meldt inn.

Skulen og FAU ynskjer alle ein god sommar !